

Jan Ragnar Hagland:

Vokalharmoni og vokalbalanse

Bergen 16. mars 2015

Takk for initiativet til å gi fenomenet vi tradisjonelt kjenner som *vokalharmoni* spesiell omtanke (eller *andakt*, som kanskje noen heller ville ha kalla det) gjennom ein heil dags seminaraktivitet. Heilt sært – og prisverdig, må vera ein rimeleg karakteristikk av eit slikt tiltak. Eg har tidlegare i livet vigd det me kallar vokalharmoni ein del merksemd og jamvel drista meg til å komma med framlegg til forklaringar på kvifor dei trykklette vokalane fordelte seg slik dei gjorde i ein del av den gammalnorske skriftspråkstradisjonen. Eg meiner altså det er viktig alltid å vera eksplisitt på at det berre er i skrift vi kjenner språklege fenomen frå den tida. Utsegn som viser til talt mål er her som elles alltid tolkingar av skrift. Banalt, men lett å gløyma. *Grunndraga* i dei nemnde framlegga vil eg seia eg framleis langt på veg kan vedkjenna meg den dag i dag, utan at mitt vesle bidrag til denne samkoma må eller skal oppfattast som defensivt/apologetisk. Det skal ha *noko* å gjera med det eg ønskjer å ha hengjande som eit perspektiv eller eit bakteppe her, nemleg spørsmålet om kva som skjedde med vokalharmonien vi meiner å sjå i delar av fastlandsskandinaviske skriftspråk i høg-mellomalderen (Hagland 2009). I den samanheng meiner eg forholdet mellom fenomenen vokalharmoni og vokalbalanse er verdt å ta opp. Dette er det – som vi alle veit – ikkje så enkelt å få tak i.

Som eit utgangspunkt for nokre refleksjonar vil eg då ta fram noko Finn Hødnebø i si tid formulerte. Han sette på eit vis vokalharmoni (VH) og det vi kallar vokalbalanse (VB) opp mot kvarandre som «to diametralt motsatte systemer, det ene bygd på *lydkvaliteter*, det andre på stavelsen som *kvantitet*, de står i kontrast til hverandre og konkurrerer om overtaket på det same endingsapparat. Det er lite trolig at begge systemene kan fungere side om side, men nok krysse hverandre i en overgangsperiode, og slik at et substrat eller fastgrodde rester av ett system kan identifiseres etter at det har opphørt å virke» (Hødnebø 1977, 382).

Eit viktig spørsmål i denne samanhengen er om *a/æ* i trykklett posisjon også har veksle vokalharmonisk slik ein del forskarar har meint (loc. cit.). Her er det nok slik, som også Hødnebø held fram, at det er vanskeleg å påvisa gode og sikre spor etter eventuell vokalharmonisk distribusjon av trykklett *a/æ*, og at veksling

desse vokalane imellom i trykklett stilling først kom til uttrykk i skrift då slik veksling oppstod som resultat av ulik stavingskvantitet i trykksterk stilling, slik at kort staving gav ending på *-a*, medan lang staving førte til *-æ*, som når vi får former som *taka* og *vera*, men *hæyræ* og *sendæ* m.v. Dette kan første gong nokonlunde sikkert daterast i skrift i eit rett nok udatert og ikkje heimfest diplom frå ca. 1300 (DN I: 90), etter alt å dømma frå det indre Austlandet. Relevant for diskusjonen vidare er at denne teksten både har VB og VH.

I alle fall er det slik at VH har vore oppfatta som ein assimilasjonsprosess som har med den fonologiske faktoren [+ eller ÷høg] i den trykklette vokalen å gjera, medan VB i gno, slik Hødnebø og andre har sett det, dreia seg om faktoren [+ eller ÷ fremre], og at det siste i hovudsak dreiar seg om stavingskvantitet medan det første gjeld vokalkvalitet. Eit problem her, som har vore mykje diskutert, er distribusjonen av trykklette vokalar *i/e* og *u/o* etter trykksterke låge vokalar, det vil seia kort og lang /a/ kort og lang /æ/, til dels også kort u-omlydd /a/ (ø). Er det her tale om VH, eller dreiar det seg om andre ting?

Kan, har eg då lyst til å spørja, vi få eit betre grep om den problematiske distribusjonen av *i/e* og *u/o* i nemnde posisjon om vi gir slepp på Hødnebøs oppfatning av VH og VB som innbyrdes tilnærma ekskluderande språklege fenomen? Er det slik at dei, i alle fall i ein periode, faktisk *har* fungert side om side, og at VB over tid har vorte dominerande? Det vil i så fall innebera at den varianten av Haglands (1978) vokalharmonireglar som er gjeven i Hagland 2013 (s. 619) som «Vokalharmoni 2», vil kunna døypast om til «Vokalbalanse». Det vil seia at endingsvokalar *e – o* følgjer etter lange låge vokalar i trykksterk stilling. Dette kan, som vi ser, like gjerne sjåast som eit balansefenomen, ettersom stavinga alltid vil vera lang etter lang vokal i alle fall. Myrvoll (2014, s. 11) er innom dette, utan å gå nøye inn på det. Om vi ser dette som eit reduksjonsfenomen, slik det er gjort allereie i Hagland 1978, er det altså ingenting i vegen for å oppfatta det som eit uttrykk for VB. Kan vi då, vil eg spørja for kanskje å få opp litt temperatur, som ein arbeidshypotese sjå det slik at VB frå denne posisjonen har gripe om seg ettersom tida gjekk? Eg lar det hengja.

Distribusjonen av endingsvokalane etter korte låge vokalar vil likevel stå uløyst ved eit grep som dette, så inntil vidare vil eg halda på det som i Hagland 2013 (s. 620) er kalla «Vokalharmoni 3». I diskusjon om dette vil eg då innleiingsvis dra fram eit forhold som ikkje synest å ha vore åtgådd i særleg grad i diskusjonen etter at Hagland 1978 var lagd fram. Det gjeld distribusjonen av *i/e*

og *u/o* etter dei korte vokalane /a/ og u-omlydd /a/. Det har i den samanheng vore hevda at korkje Hagland eller andre har dokumentasjon på at *e* i trykklett stilling følgjer /ø/, slik reduksjonsregel nr. 2 hos Hagland skulle tilseia – snarare tvert om meiner t. d. Myrvoll (2014, 12) med tilvising til eitt døme på at det var *i* som galdt i slik stilling. Dømet er henta frå Hægstads analyse av *Olafs saga hins helga: soðrli < soðull* (Hægstad 1922, xxxvi). Var det verkeleg så? Eit svar på det er gjeve allereie i Hagland (1980, 105 – 107) som svar på kritikk frå Magnus Rindal (Rindal 1979, 233). Dette var ei meiningsutveksling som gjekk føre seg i *Maal og Minne*. Eg synest det kan vera grunn til å ta det fram att her – om ikkje anna så for å ha flest mogleg kort på bordet for eventuell vidare diskusjon.

I Hagland (1980, 105-107) er resultatet av ein ny gjennomgang av *Oláfs saga hins helga* presentert med omsyn til spørsmålet om korleis det forhold seg med trykklett vokal *i/e* etter u-omlydd /a/ markert *o*. Det er definitivt eit lågfrekvent fenomen, og berre 18 tilfelle er registrerte i det aktuelle handskriftet, og då med følgjande fordeling (sjå og Hagland 1980, 105 der side og linetal er å finna):

I	II
soðrli	fiolde (3 gg)
karlhofði	æptansonge
hoguið	fiolde
fioldi (2 gg.)	ottosonge
hofði (3 gg.)	
hiorvi	
hoguin	
hoguit	
fiotri	

Bunden artikkel er her halden utanfor, ettersom denne synest å vera utanom VH-systemet i handskriftet. Med grunnlag i det første dømet i kolonne I (*soðrli < soðull*) seier altså Hægstad utan atterhald at at *ø* blir følgd av *i*. Om me ser nærare på dette vesle tilfanget, ser me at vokalen *i* anten a) står etter former med obligatorisk synkron synkope av /u/ (*hofði < hofuð, soðrli < soðull* og *fiotri < fjoturr*) eller b) i direkte tilknytnad til ståande halvokal markert *u* eller *v*: *hoguið, hoguin, hoguit, hiorvi*. Med to unnatak (*fioldi*) er det elles skrive *e* etter omlydsvokalen markert som *o* på same måte som etter (kort) *a*. Den fonologiske statusen til den trykksterke vokalen som slik er markert med *o*, er elles ikkje uproblematisk, særleg i høve til den fonetiske verdien av vokal markert med *a* før ståande *u*. Me skal ikkje gå nøye inn på det, men følgjande døme frå same tekst er verdt å ta med i vurderingar av og ettertankar om alt dette:

oc hafðe mitru a hafði (s.32, l. 20)

Det er grunn til å leggja merke til at den trykksterke vokalen her er markert med same teikn, medan endingsvokalen i første tilfelle (pret. av *hafra*) er markert med *e* slik me skulle venta, og i andre tilfelle (dat. sg. av *hofuð*) med *i*, slik me ser elles i handskriftet når den trykksterke vokalen er markert med *o*. På eit vis, og i alle fall i skrift, får me her eit minimalt par, definert av ulik *endingsvokal*.

Hreinn Benediktsson (1964 [2002, 137]) diskuterer dette i meir detalj enn det er tid til her og no.

Som òg påpeika i Hagland (1980, 107) er det slik at den *ståande* halv vokalen, markert *u* eller *v*, ser ut til å påverka endingsvokalen (etterfølgjande trykklette vokal) slik at denne gjennomgåande ser ut til å vera markert med *i*. Det kan vera at dette skal sjåast som noko anna enn VH. Det er i alle fall ein annan type assimilasjon ettersom det jo er ein kontakt-assimilasjon og ikkje ein fjernassimilasjon som VH per definisjon er. Kanskje er også dét eit argument for at det som skjer etter låge vokalar i trykksterk stilling, lange og korte, dreia seg om fleire ting og eigentleg ikkje let seg samla under fellesomgrepet vokalarmoni?

Det me har sett på her, gjeld altså distribusjonen av endingsvokalane *i/e* etter korte låge vokalar i trykksterk stilling med den fonologiske faktoren [+bakre]. Korleis var det då med tilsvarende trykksterke vokal med faktoren [÷bakre], oftast markert *æ* i skrift? Hreinn Benediktsson (1964 [2002]) har overtydande argumentert for at handskriftet med *Oláfs saga hins helga* (trøndersk) frå ca. 1250 viser fonologisk skilnad mellom kort /e/ og /æ/. Den vakling vi ser i trykklette vokalar etter samanfallsproduktet av desse to i seinare kjeldetilfang, kan vera resultat av ei rad kryssande fonetiske forhold, slik Hreinn Benediktsom (loc. cit.) òg er inne på. Ikkje di mindre kunne det vera interessant, slik Hagland 1980, 107 foreslår, å sjå etter korleis det er med fordelinga av endingsvokalane i synkront synkoperte former av ord som *ketill* og *fetill*: *i* eller *e*? Dette for å sjå om det her har vore på same vis som i tilsvarende former av *hofuð* og *sodull* som vi nett har vore innom. Korkje Hagland sjølv eller andre synest å ha hatt åndeleg overskott eller ork til å gjera dét.

Så lenge ein skriftspråkstradisjon har fem, etterkvart vel seks, måtar å markera vokal i trykklett stilling på, *i – e – a (æ) – u – o*, ser det i alle fall ut til at det etter dei låge vokalane i trykksterk stilling har vore ei rad ulike [fonetiske] forhold som har generert markering av trykklett vokal. I nokon grad vil desse kunna spesifiserast, men noka enkel og elegant løysing som alle kan gå med på, er det vel vanskeleg, om ikkje umogleg, å finna ein god formel for! Så inntil vidare meiner eg at reglane formulerte som «VH 2» og «VH 3» i Hagland 2013 (s. 619-20) kan stå – med det atterhald at vi heller enn å kalla fenomenen VH lidenskapslaut nemner dei «trykklette vokalar *i/e* og *u/o*. Me får vel gi oss med det i denne vanda.

Litteratur

- Hagland, Jan Ragnar. 1978. A note on Old Norwegian vowel harmony. *Nordic Journal of Linguistics* 1: 141–47. – Opptrykt i *Historisk språkvitenskap / Historical Linguistics*, utg. E. H. Jahr og O. Lorentz, 292–99. Oslo: Novus, 1993.
- Hagland, Jan Ragnar. 1980. Trøndersk diplomspråk. *Maal og Minne*, s. 102–108.
- Hagland, Jan Ragnar. 2009. Om vokalharmoni i nordisk språkhistorie. *Svenska landsmål och svenskt folkliv* 2009, s. 21–27.
- Hagland, Jan Ragnar. 2013. Gammalislandsk og gammalnorsk språk. I: Odd Einar Haugen (red.), *Handbok i norrøn filologi*. Andre utgåve. Bergen: Fagbokforlaget/Landslaget for norskundervisning, s. 600–639.
- Hreinn Benediktsson. 1964. Old Norse Short *e*: One Phoneme or Two? *Arkiv för nordisk filologi* 79, s. 63–104. Opptrykt i: Guðrún Þorhallsdóttir & al. (eds.). 2002. *Linguistic Studies, Historical and Comparative*. Reykjavík: Institute of Linguistics, s. 111–141.
- Hægstad, Marius. 1922. Um maalet I Óláfs saga hins Helga. Delag. Samling I Uppsala, no. 8 fol. I: Oscar Albert Johnsen (utg.), *Olafs saga hins helga. Efter pergamentaandskrift i Uppsala Universitetsbibliotek, Delagardiske samling, no. 8II*. Kristiania: Den Norske Kildeskriftkommissjon/Jacob Dybwad, s. xxviii–li.
- Hødnebø, Finn. 1977. Trykk–vokalharmoni–vokalbalanse. I: Einar G. Pétursson, Jónas Kristjánsson (red.), *Sjötiú ritgerðir helgaðar Jakobi Benediktssyni. 20. júlí 1977*. Fyrri hluti. Reykjavík (Stofnun Árna Magnússonar), s. 375–383.
- Myrvoll, Klaus Johan. 2014. Fráværet av vokalharmoni i gamalnorsk etter stutt /a/ og /q/. *Arkiv för nordisk filologi* 129, s. 5–19.
- Rindal, Magnus. 1979. [Melding av] Jan Ragnar Hagland (1978): *Studiar i trøndersk diplomspråk. Ei revurdering av brevmaterialet frå tida før 1350*. Tapir [Trondheim]. *Maal og Minne* 1979, s. 220–238.

*Handout***Jan Ragnar Hagland, Bergen 16. mars 2015:**

(1)

I	II
soðrli	fiolde (3 gg)
karlhofði	æptansonge
hoguið	fiollde
fioldi (2 gg.)	ottosonge
hofði (3 gg.)	
hiorvi	
hoguin	
hoguit	
fiotri	

(2)

oc hafðe mitru a hafði (s.32, l. 20)**Litteratur**

Hagland, Jan Ragnar. 1978. A note on Old Norwegian vowel harmony. *Nordic Journal of Linguistics* 1: 141–47. – Opptrykt i *Historisk språkvitenskap / Historical Linguistics*, utg. E. H. Jahr og O. Lorentz, 292–99. Oslo: Novus, 1993.

Hagland, Jan Ragnar. 1980. Trøndersk diplomspråk. *Maal og Minne*, s. 102–108.

Hagland, Jan Ragnar. 2009. Om vokalharmoni i nordisk språkhistorie. *Svenska landsmål och svenskt folkliv* 2009, s. 21–27.

Hagland, Jan Ragnar. 2013. Gammalislandsk og gammalnorsk språk. I: Odd Einar Haugen (red.), *Handbok i norrøn filologi*. Andre utgåve. Bergen: Fagbokforlaget/Landslaget for norskundervisning, s. 600–639.

Hreinn Benediktsson. 1964. Old Norse Short *e*: One Phoneme or Two? *Arkiv för nordisk filologi* 79, s. 63–104. Opptrykt i: Guðrún Þorhallsdóttir & al. (eds.). 2002. *Linguistic Studies, Historical and Comparative*. Reykjavík: Institute of Linguistics, s. 111–141.

Hægstad, Marius. 1922. Um maalet I Óláfs saga hins Helga. Delag. Samling I Uppsala, no. 8 fol. I: Oscar Albert Johnsen (utg.), *Olafs saga hins helga. Efter pergamentaandskrift i Uppsala Universitetsbibliotek, Delagardiske samling, no. 8II*. Kristiania: Den Norske Kildeskriftkommissjon/Jacob Dybwad, s. xxviii–li.

Hødnebo, Finn. 1977. Trykk–vokalharmoni–vokalbalanse. I: Einar G. Pétursson, Jónas Kristjánsson (red.), *Sjötiu ritgerðir helgaðar Jakobi Benediktssyni. 20. júlí 1977*. Fyrri hluti. Reykjavík (Stofnun Árna Magnússonar), s. 375–383.

Myrvoll, Klaus Johan. 2014. Fráværet av vokalharmoni i gamalnorsk etter stutt /a/ og /q/. *Arkiv för nordisk filologi* 129, s. 5–19.

Rindal, Magnus. 1979. [Melding av] Jan Ragnar Hagland (1978): *Studiar i trøndersk diplomspråk. Ei revurdering av brevmaterialet frå tida før 1350*. Tapir [Trondheim]. *Maal og Minne* 1979, s. 220–238.